



Her er 8 av dei 12 unge som var innom TI-aren denne tysdagen. (Foto: Ola Matti Mathisen)

TI-aren var før i år (og i fjor) ein svært populær møteplass for foreldre med smårollingar, I sommar har innslaget av dei heilt unge vore meir beskjedent i tysdagskafeen, men no er beøskkurva på veg oppover att. Faktisk har 12 av dei aller yngste vore innom i dag og resultatet har vore eit myldrande liv!

Når statistikken over vaksne synte 44, må konklusjonen bli at dette har vore ein av dei beste dagane på lenge for kafeen.

Mange synest at dette er eit framifrå tiltak. Det går ikkje berre fram av talet på personar i besøksprotokollen, men også det ein kan kalla bidragslista.

For nokre nøyer seg ikkje med å drikka kaffe og eta vaflar, melkekaker eller rundstykkje, dei legg også att ein slant i tillegg.

Me les soleis at ein kar frå Sandnes har betalt inn 200 kroner og at ein kunde på gjennomreise i båt har gjeve 300 kroner i tillegg til kaffe- og bitetipengane.

Det er grunn til å bukka og takka på vegne av dei iherdige kvinnene som gjer ein innsats for TI-aren!

Av Ola Matti Mathisen